

BL KLOKK

ÅRSPLAN 2023 – 2025



KUNST OG BILDE AV J.E.SLETTEN, 2024

ÅRSPLAN 2023-2025

INNHALDSLISTE

Innholdsliste	2
Årsplanarbeid	3
Om Blåklokka Barnehage og kontaktinformasjon	4
Visjon	5
Vårt syn på barn	5
Personalet	6
Typisk for Blåklokka	7
Basane/avdelingane,	8-9
Dagsrytme	10
Kjøkkenet, hjarta av huset	11
Innhaldet i kvardagen/Korleis jobber vi	12-16
Trygg i møte med framtida	16
Vår arbeidsmåte	17
Fagteam	18-19
Progresjonsplan	20-21
Kobling mellom filosofi og praksis	22
Vurdering	23-24
Tradisjonar/kultur	25-28

Skriftleggjort av Kristin Fjeldstad og Rigmor Sletten

Årsplanarbeid:

Blåklokka utarbeider årsplan og pedagogiske fagplanar årleg. Årsplanen inneheldt generell informasjon som gjeld for barnehagen som heilheit, der er mindre endringar frå år til år. Årsplanen er eit arbeidsreiskap som reflekterer barnehagen sin pedagogiske profil. Den dokumenterer våre val av fokus, og viser korleis vi vil arbeide for å omsetje rammeplanen sine retningslinjer til pedagogisk praksis. Det er samarbeidsutvalet, SAU, som fastset årsplanen. I tillegg til årsplanen er der utarbeidd pedagogiske fagplanar for kvar gruppe. Fagplanane tilpassar pedagogisk filosofi, tema og fokus til den enkelte barnegruppa. Personalet arbeider utifrå fagplanane, som også blir delt med foreldre på foreldremøte og i månadsbrev. I fagplanane vil de finna større variasjon frå år til år i høve til kva personalteam som driver den enkelte gruppa/avdelinga.

Grunnarbeidet for års/fagplanen blir lagt i perioden mars-juni. Dette betyr at retning kan endrast når vi i august/september lærer barnegruppa å kjenne. Det pedagogane hadde sett for seg i mai, må kanskje leggast heilt vekk for å gje rom for fokus som er tilpassa akkurat ditt barn, og den gruppedynamikken dei står i når september eller januar kjem. Skjer dette, vil personalet bygge opp nye fokus saman med barna.

For å spare på miljø og ressursar, vil vi legge årsplanen tilgjengeleg som ein link som kan bli lasta opp.

OM BLÅKLOKKA BARNEHAGE:

Blåklokka barnehage er ein privat barnehage eigd av Rigmor og Cecilie, driven på ideelt grunnlag. Vi heldt til på Holme i Alver kommune. Barnehagen var ny i april 2008, og eit påbygg stod ferdig hausten 2012.

Blåklokka har mellom 70 og 115 barn frå 0-6 år, som går 3-5 dagar for veka. Gruppesamansettinga varierer i høve til behovet for små og store plassar.

Opningstida er 06.45 – 17.00.

Det er opne- og stengevakt på Myrull, mellomavdeling (Røsslyng, Knott og Toving) og på Toppen (Måne og Sol).

Vi har to basar; ein for småbarn, og ein for store barn. I basane er det så delt i mindre grupper som har aktivitetar i ulike rom som atelier, kjøkken, mediarom og avdelings-rom.

Ute har vi store sandkassar, klatrestativ, sykkelbane og hytteby. Det er kort veg til tur, fjell og skogsområde. Vi har stamplassar med gapahuk, lavvo og elles leikehøve i ulikt terreng.

TELEFON: 56 17 08 08

Ring nummeret ovanfor og du vil bli rettleia vidare til styrar eller dei ulike avdelingane; Toppen: 4 – 6 åringar, Knott: 2 – 4 åringar, Røsslyng: 2 – 4 åringar, Toving: 2 – 4 åringar eller Myrull: 1 – 2 åringar.

Mobilnummer direkte:

Kontor: 909 76 164

Styrar: 414 74 410

Toppen Sol: 948 20 194

Toppen Måne: 919 04 126

Knott: 909 43 213

Røsslyng: 406 12 218

Toving: 406 36 337

Myrull: 406 12 241

Vår visjon:

BLÅKLOKKABARNEHAGE – EIN STAD DER BARN OG VOKSNE OPPLEVER SEG SJØLV SOM VERDIFULLE.

Blåklokka har som mål å formidla det positive synet på menneske med den kristne trua som grunnlag.

Vi ynskjer å la barna oppleve at dei er i eit trygt miljø, der dei har høve til å leika og undra seg over kvardagen.

Dei vaksne ynskjer å møte barnet med respekt, openheit, medvit og engasjement.

Vårt syn på barn:

Barn er omsorgsfulle, kompetente og hjelpsame mot kvarandre!

Vi veit at barn er fulle av kompetanse. Dei har sine eigne idear og tankar om korleis verda rundt dei fungerer. Barna lærer av oss, vi lærer av barna - og vi lærer saman med barna.

Gjennom eit spanande miljø med ulike opplevingar håper me å lokka fram lysta til å leike, samt lysta til å utforska og lære. Den vaksne må då møta det enkelte barn med interesse og nærleik. Vi må også kunna setje grenser for barnet si åtferd, då grenser og rammer er ein føresetnad for tryggleik.

Tryggleik er igjen grunnlaget for at barna skal føla seg frie til å leike og vera kreative. Gjennom å lytte aktivt og stille opne spørsmål håper vi at vi kan bidra til å setje i gang barna sine eigne tankeprosessar. Gjennom leik, kommunikasjon, bevegelse og kunst vil vi gje barna høve til å kunne uttrykkje sine tankar og refleksjonar. Det meiner vi fører til at barna vil utvikle sin tillit til eigne tankar, idear og løysingar.

PERSONALET: Blåklokka sin største ressurs er eit kunnskapsrikt, erfarent personale. Vi har 30+ tilsette. To av desse er lærlingar. Dei tilsette held ulike stillingsstørrelsar, som er tilpassa den enkelte sitt behov. I tillegg til det faste personalet har vi også faste vikarar, som har vore med oss i fleire år.

Blåklokka har 15 pedagogar med barnehagelærerutdanning. 10 av desse har vidareutdanning på ulike felt. 4 av dei pedagogiske medarbeidarane er barne- og ungdomsarbeidarar, der 3 av dei har tatt fagbrevet medan dei har jobba i Blåklokka. Vi har 2 lærlingar som er i ferd med å ta fagbrev. Dei 10 andre pedagogiske medarbeidarane har også verdifull kompetanse og eigenskapar på sine felt som vi er heldige å få nytte og glede av.

Dei fleste i personalet er kursa i, og har arbeidd med COS, Circle of security, samt ICDP, International Child Development Program. Desse programma gjer oss verktøy som kan brukas i barnehagen for å arbeida systematisk med relasjonar og samspel. Barns utvikling og læring avhenger mykje av kvaliteten på den relasjonelle kontakten vi tilbyr. Personalet i Blåklokka er opptatt av å vera varme og tydelege i møte med barnet. Dette har vi hatt fokus på dei seinaste åra, og har blant anna jobba aktivt med den «autoritative vaksenrolla».

Blåklokka legg vekt på å utvikle kunnskap og kompetanse hjå personalet. Dette gjer vi blant anna gjennom arbeidsplassbasert utvikling for heile personalgruppa. På denne måten kan vi danne felles ståstad og felles fundament for heile personalet innanfor ulike tema. Vi har då seriar med miniseminar, der vi nyttar interne og eksterne forelesarar, samt at vi gjerne har mellomarbeid mellom kvar økt.

Elles oppfordrar vi, og legg til rette for at personalet kan ta vidareutdanning og kurs på deltid. På denne måten får vi også stadig oppdateringar på ny forskning, og gode diskusjonar i teori rundt vår kvardagspraksis.

Vi har ei levande organisering som skal tilpassast rammefaktorane rundt oss. Talet på barn endrar seg jamnleg. Eit år er det mange småbarn, neste år er det flest store, og som oftast er det knapt med ressursar. Vårt personale er gode på å endre og tilpasse arbeidsmåtar, innhald og fysisk rom på ein effektiv og gjennomtenkt måte. Heile personalet er også delaktig i planlegging, rolleavklaringar, forventingar og rutinar på si gruppe. Dette gjev sunne kulturar i personalet som løftar og ansvarleggjer kvar enkelt, samstundes som den

enkelte veit at vi treng akkurat dei for at samarbeidet og heilheita i Blåklokka skal fungere.

Vi er ikkje perfekte, men vi arbeider heile tida med å få til det beste for barna med dei ressursane vi har. Er det noko som ikkje fungerer, så leiter vi etter løysingar saman.

TYPISK FOR BLÅKLOKKA:

Blåklokka er driven med særlig formål;



Blåklokka har som mål å formidla det positive synet på menneske med den kristne trua som grunnlag. Dette verdigrunnlaget vil vi skal prega alt vi gjer i barnehagen og i relasjonane mellom menneska som er her.

Vi formidlar eit budskap om Guds omsorg og nærleik til oss. Vi ynskjer at barna skal få kjennskap til kven Jesus og Gud er, samt kjennskap til kjernepunktta i Bibelen.

Kunst og natur:

På bakgrunn av personalets kompetanse og vår geografiske plassering har kunst og natur frå dag ein blitt satsingsområde.

Det betyr at desse fagområda har eigne opplegg og verdiar. I tillegg er kunst og naturopplevingar ofte utgangspunkt for arbeid med andre kunnskapsområde, noko som bidreg til tverrfagleg arbeid på alle alderstrinn.

Vi har eit stort atelier i 2.etasje, som blir brukt av alle aldersgrupper. Der får barna utforske og skape, og dei blir kjent med ulikt materiale og ulike teknikkar som dei kan jobbe vidare med.

Barnehagen ligg midt i mellom skog, fjell, sjø og landbruksområde. Områda rundt oss består av mykje urørt natur og gamalt kulturlandskap som blir brukt til beite for sau, kyr og hestar. Her blir barna betre kjende med naturen og historia til sitt nærmiljø. Dei lærer om kva som veks og lever her, og korleis naturen skiftar gjennom årstidene. Kjennskap til plantar og dyr, landskap, årstider og vær, fører gjerne til at dei blir glade i naturen og ynskjer å ta vare på den. Her er det berre fantasien som set grense for aktivitetane.

BASENE – GRUPPENE VÅRE:

Vi arbeider med både aldersdelte og aldersblanda grupper i barnehagen.

Aldersdelte grupper byggjer «horisontale relasjonar». Barna er jamne i alder med forholdsvis same utgangspunkt, som lærer å tilpasse seg kvarandre gjennom samhandling. Sidan utgangspunktet er jamt, er forventingane til handlingsmønster det same som dei innehar sjølv. Jo meir samhandling, jo større register av handlingsmønster.

Ved å blande aldersgruppene, legg vi også opp til meir medvitne «vertikale relasjonar». Det krev at barna må omstille seg i tankegangen i staden for å nytte seg av dei mønster dei innehar frå før. Dei må justere seg til det eldre eller yngre barnet dei ønsker å samhandle med. Dermed må dei også bruke andre innfallsvinklar, lytte, sjå og sanse andre sine behov og interesser på ein utvida måte.

Vi menneske treng begge desse metodane for sosial erfaringstileigning. Målet er å utvikle prososial åtferd i møte med verda, styrke og utvikle ibuande empati, lydhørhet, nysgjerrigheit og respekt for andre sine følelsar. (*Kvello; 2008 og 2012, Rpl.;2017, Askeland;2013, Øhman;2012, blant andre*)

Vi har delt barnegruppa og personalgruppa inn i ein base for småbarn og ei base for store barn. Kvar base er igjen delt i grupper. Småbarn har gruppene Myrull og Røsslyng/ Knott/ Toving.

Myrull har 1-2 åringar, dei yngste barna i barnehagen. Myrull har fokus på å gjera overgangen frå heim til barnehage trygg og god. Der kvardagsopplevingar, leik og samhandling i avgrensa, trygge rammer står i fokus. Dei vektlegg også faste rutiner, repetisjon og kontinuitet i arbeidet med å skape ein god start for barna i barnehagen. Dei vaksne er bevisst på å la barnet utforska og meistra, samt legge til rette for å bygge på det som skjer her og no. Slik kan ein langsamt utvide verda for dei aller yngste.

Barna vil vera mest på Myrull-rommet. Etter kvart som dei blir kjent og trygge i miljøet, så vil vi gradvis utvide aktivitetane til fellesareala på kjøkkenet, myggen (mellomavdelingane) og atelieret.

Ved levering om morgon og ved henting på ettermiddag, vil de også møte vaksne frå Røsslyng, Knott og Toving i fellesarealet. Dette for at personalkabalen skal gå opp. I utetida på uteområdet vil barna ha meir samhandling med barn og vaksne frå andre grupper. Dei vil også ha leik og aktivitetar tilpassa deira aldersgruppe

Røsslyng/ Knott/ Toving er 2-4 åringane. Desse 3 gruppene vil samarbeide mykje i løpet av veka og månaden. Dei vil alltid være felles på morgonen og ettermiddag i «fingarderoben» (fellesarealet). Prosjektdagar og fellessamlingar er også noko dei samarbeider om på tvers av avdelingane. I løpet av veka vil dei ha aktivitetar både i aldersdelte og i aldersblanda grupper.

Etter kvart som vi blir betre kjent med gruppene, vil vi sjå kva gruppedeling som fungerer best for enkeltbarna og gruppedynamikken dette året.

Store barn. 4 – 6 – åringane har base på Toppen. Måne er dei yngste, der er barna 4 – 5 år. Dei eldste er Sol (førskulebarn), desse barna er 5 – 6 år. Dei vil alltid vera felles på morgonen og ettermiddagen. I tillegg har dei gruppedag ein dag i veka, der gruppene blir blanda på tvers. Innhaldet denne dagen har særleg fokus på sosial kompetanse, vennskap og inkludering.

Barna på Toppen disponerer heile 2. etasje i tillegg til garderobane og grupperomet som hører til Toppen-bygget.

På begge basane legg vi vekt på leik og samvær med andre barn, meistring, læring gjennom leik og sosialt samspel i trygge omgjevnader. Barna skal få oppleve med alle sine sansar, vera undrande og utforskande, nysgjerrige og leikande saman med kvarandre, og saman med dei vaksne. Dei ulike basane gir ulike utfordringar.

Det fysiske miljøet vert endra etter sesong, særskilde prosjekt, og elles når barn og personalet treng forandringar.

Ute ; Alle barna vil ha høve til å leike over alt innanfor gjerdet, så lenge der er vaksne nok til å ha oversikt. Etter kvart som barn og vaksne går heim, reduserer vi området.

DAGSRYTME:

6.45	Barnehagen opnar – leik
8.00– 8.45 (småbarn) 830 – 900 (store barn)	Frukost på avdeling, medbrakt matpakke.
8.30/ 9.00 – 9.30	Leik
9.30 – 11.00 / 11.30	Samlingsstund/ prosjekt/ aktivitetar og leik/ turar
11.00 (småbarn) 11.30 (store barn)	Lunsj
11.30 / 12.00 – ca.14.00	Sovetid Ute- /inneleik for store barn
14.00/ 14.15	Fruktmåltid ute/inne
14.30	Inne-/ uteleik
17.00	Barnehagen stenger.

Du får nærare informasjon frå gruppa di kvar du leverer og hentar barnet ditt. Kvar avdeling vil også dele informasjon om innhald, samt kva rutiner som gjeld for gruppa di.

Kjøkkenet - hjarta av huset

Vi har eit romsleg kjøkken med kjøkkenmedarbeider i ca. 100 % stilling. Her førebur ho mat til alle gruppene på huset.

1 dag med havregraut.

2 dagar smøremåltid for kvar gruppe med variasjon av brød og pålegg.

1 dag med middag; fisk, kjøtt og grønnsaker.

1 dag med suppe/omelett.

Kvar ettermiddag blir det laga til inviterande fat med frukt. Dei som ønskjer kan ha med yoghurt heime ifrå til fruktmåltidet. Til fruktmåltidet et borna også resten av matpakkene sine frå frukosten, om dei ønskjer det.

Når barna har bursdag kan dei bestille smoothie eller fruktsalat som dei nyter til fruktmåltidet.

Vi er ingen sukkerfri barnehage, men vi vel å bruke variasjonar og sunn fornuft når vi lager menyen. Om hausten nyttar vi frukt og grønnsaker frå eigen hage, der barna også er med på prosessane frå jord til bord.

Om barn har særlege behov i forhold til mat (td. allergiar, intoleranse eller diabetes) tilpassar vi maten etter erklæring frå lege, og opplæring frå foreldre og/ eller helseinnstansar.

Vi har eit mål om å bruke kjøkkenet til å bake og lage mat som ein del av det pedagogiske opplegget saman med barna. Det kan for eksempel vere å bake rundstykker til heile barnehagens suppedag, lage og smake på mat i månadens farge, eller førebu måltid som skal tilberedast på turdag neste dag.

Innhaldet i kvardagen

I Blåkklokka skjer det stadig noko – ein dag er sjeldan lik den neste. Personalet må kvar dag vera klar til å møte barna i høve til deira dagsform. Vi arbeider heile tida med det faglege innhaldet, både i planlagde situasjonar og gjennom meir spontane situasjonar i løpet av dagen.

Mål:

- Bruke arbeidsmåtar tilpassa barna sin alder og modning.
- Ha faste rutinar slik at barnehagedagen vert forutsigbar for barna.
- La barna få oppleve ein grunnleggjande tryggleik i møte med det kristne innhaldet.
- Gje barna gode og verdfulle opplevingar i barnehagekvardagen.
- Leggja til rette eit miljø med utfordringar som igjen gjev barnet ei kjensle av meistring.

Hugs at innspel og tilbakemeldingar frå dykk som foreldre er viktig for at opplegget kan tilpassast i vår barnegruppe.

Korleis jobbar vi?

"Det vi må lære før vi kan gjøre det, det lærer vi ved at vi gjør det." – Aristoteles

Våre pedagogiske arbeidsmåtar er basert på fleire filosofiar. Dei som viser mest i vår praksis er;

«Reggio Emilia Filosofien» Reggio Emalias tilnærming til pedagogikk er forankra i ein djup respekt for barnet. Pedagogane er overbevist om at alle barn er født intelligente og med en sterk drivkraft til å utforske verda. Dei har tru på menneskets moglegheiter, og legg vekt på solidaritet, samarbeid og kritisk tenking som utgangspunkt for ei verd med djupe demokratiske verdiar. Det pedagogiske grunnsynet bygger på at kvart enkelt individ - saman med andre - konstruerer eigen og felles kunnskap og kultur. Fysisk rom som den tredje pedagogen er ein avgjerande del av tilrettelegginga i denne filosofien.


[Les mer om Reggio emilia Filosofien her](#)

Gjennom «**21st century learning**» eller «dybdelæring», gjev Michael Fullan et sentralt perspektiv rundt basiskompetanse som gjer oss eit fornya syn på kunnskap, tilpassa tida vi lever i. Dette er ein filosofi vi ofte kjem borti i forhold til studiar av å korleis møte og styrke barnet på best mogleg måte.

Basisfilosofien vår koker ned til å vera varme, anerkjennande vaksne som ser moglegheiter og glede i kvardagen. Vi stiller opne spørsmål og undrar oss saman, i staden for å gje barna ferdige svar. Barna og dei vaksne må jobbe saman, vi må lytte til kvarandre og ha rom for at det er greitt at vi ikkje alltid er einige med kvarandre. Vi kan likevel inngå kompromiss for å løyse ei utfordring saman.

Figuren 1.0 under illustrerer: For at personalet skal vera gode rollemodellar og by på seg sjølv og sin kunnskap, treng dei å arbeide i oppløftande, opne og inkluderande miljø. Det må vera felles rammer og system basert på glede, samarbeid, kunnskap og refleksjon. Då vil dei ha ro til å lytte og samhandle med dei rundt seg, og saman med barna skape leikende, inspirerande opplevingar på barna sine premisser.

Figur 1.0 Læringsmiljø i Blåklokka barnehage (utarbeidd av R.N.Sletten):



Vi har våre arbeidsmåtar som no ligg støtt i botn. Det kristne verdigrunnlaget, natur, kunst og berekraftig tenking blir meir og meir integrert i kvardagsaktivitetane våre. I tillegg erfarer vi at det er 3 andre fokus som dreg med seg resten av fagområda frå rammeplanen. Det er område som heile tida må arbeidast med og utviklast; Språk, relasjonsbygging og realfag.

Språk; er ein grunnleggjande kompetanse for å kunne kommunisere, høyre til og delta. Kommunikasjon og språk påverkar alle sider av barns utvikling.

Språket er i stadig endring. I tillegg utviklar teknologien seg, og gjer oss andre innfallsvinklar og måtar å kommunisere på enn vi hadde for berre få år sidan. Ordforrådet blir redusert og omgrep som tidlegare var brukt i kvardagen er ukjent for mange barn og vaksne i dag. Verbal kommunikasjon blir oftare erstatta med skriftleg kommunikasjon eller bilete. Ord blir gjerne også bytta ut med teikn og emojiar.

I barnehagen byrjar det også fleire barn som har andre språk enn norsk som morsmål. Nokre av desse har lite eller ingen norsk språk når dei byrjar i barnehagen. Vi må dermed leggje til rette for at desse barna og familiane blir ivaretatt, og vi skal anerkjenne det språklege og kulturelle mangfaldet som til ein kvar tid er i barnehagen.

Vårt mål er å gje alle barna i barnehagen eit godt språkleg utgangspunkt gjennom både systematisk arbeid, og i kvardagen elles. Gjennom dei spontane kvardagssamtalane med barna set vi ord på det som er og skjer rundt oss. Vi fortel om kva vi har opplevd, og om ting som skal skje. Vi undrar oss saman om stort og smått, fortel historiar og skrøner, og samtalar om kva følelsar vi kjenner på. Vi brukar også song og musikk, samt rim, regler og barnelitteratur i arbeidet med kommunikasjon og språk, der vi legg til rette for å skape gode opplevingar, fellesskap, samt gje barna verdifulle opplevingar og erfaringar.

I tillegg har vi starta eit arbeid med implementering av teikn – til – tale som forsterking og støtte til det verbale språket. Dette er ein prosess vi kjem til å arbeide med over tid.

Gjennom varierte arbeidsmåtar og tilnærmingar som dialogisk lesing og språkløyper. Vil vi støtte og fremje barns språkutvikling, og gje alle barn moglegheit til positive erfaringar med språk.

Relasjonskompetanse; er eit tema som må arbeidast med på alle nivå; barn-barn, barn - vaksne, mellom dei tilsette, mellom personalet og foreldre samt mellom barnehage og nærmiljø. Det kan også beskrivast som det psykososiale barnehagemiljøet.

Kva skal til for at vi skal bidra til sosial berekraftig utvikling. Her har vi kompetanse innafor COS (Sircle of security), ICDP (International Child Development Programme), relasjonsleiing og pedagogisk rettleiing. Vi må heile tida hjelpe kvarandre til å nå den enkelte, på same tid som vi må finne

nøkkelen til å få fram gode grupper som samhandlar godt og heier kvarandre fram. Avdelingsteama, pedagogteamet og personalmøtene har alle eit jamt fokus på å løfte opp og fram korleis vi er med kvarandre. Vi fokuserer på klare, opne kommunikasjonslinjer og rutinar, slik at vi kan førebyggje, stoppe og følgje opp diskriminering, krenkingar, utestenging og uheldige samspel mønster. Dersom det må løftast vidare til andre instansar som PPT eller Team Læringsmiljø, er det også tilrettelagt for samarbeid og støtte.

Saman med barna arbeider vi kontinuerleg med relasjonar og sosial kompetanse i ulike situasjonar gjennom kvardagen. I tillegg tar vi opp ulike tema i hjarte- og bibelsamlingane på avdelingane. Nokre tema går automatisk i løpet av året, og ofte set vi fokus inn i høve til kva som rører seg i gruppa, eller hjå det enkelte barnet.

Vi var ein del av Alver kommune sitt satsingsområde innan IBS; Inkluderande barnehage- og skulemiljø. Her har vi arbeidd fram rutiner og tiltak for personalet, samt aktivitetsplan til bruk saman med foreldre ved utfordringar i barnegruppa for å styrka inkludering og vennskap. Satsinga bygger på dei verktøy vi har på plass, som COS og ICDP, samt friske opp i arbeidsmåtar vi tileigna oss for nokre år sidan rundt omgrepet «barns trivsel, vaksnes ansvar».

Hausten 2021 gjekk dette prosjektet gå over i eit regionalt rekomp-prosjekt, der vi saman med NLA høgskolen og andre barnehagar arbeidde med problemstillinga:

«Korleis kan vi gjennom inkluderande fellesskap, med fokus på vaksenrolla, vidareutvikla ei sosial berekraftig praksis for barn, foreldre og personale i barnehagen vår.»

Gjennom dette arbeidet hadde vi fokus på vaksenrolla, og bevisstgjerjing rundt det psykososiale barnehagemiljøet, aktivitetsplikt og omgrep rundt krenkelsar, mangfald og det å ta dei vanskelege samtalanene.

Konklusjonar som kom ut av prosjektet: **Tid og kommunikasjon.** Tid til innhenting av kunnskap, bevisstheit og kommunikasjonsmåtar, og drøftingar mellom personale, barn og foreldre. Dette er stadig tilbakevendande utfordringar som kontinuerleg må arbeidast med. Temaet kommunikasjon vil vi barnehagen arbeide vidare med gjennom eit Rekomp – prosjekt (Regional ordning for kompetanseutvikling for barnehager) saman med NLA Høgskolen i barnehageåret 2024/ 2025 og 2025/ 2026.

Realfaga; matematikk, fysikk, kjemi, naturfag, biologi, astronomi og informasjonsteknologi er krydderet i kvardagen vår. Alt det magiske mellom himmel og jord som vi kan undre oss over, utforske og finne ut korleis er bygd opp og fungerer. Det er utallige tema som barn og vaksne kan fordjupe seg i, og utvide kunnskap om.

Kvardagsaktivitetane og «her og no» situasjonane, er viktige arenaer for utforsking og undring rundt tema innanfor realfag; *Kvifor renn vatnet nedover? Kor høge er vi når vi 3 år? Korleis kan vi måle dette? Kva er å måle?.....* For å kunna møta alle undringane jobbar vi heile tida med å auka bevisstheita hjå personalet, og vi finn stadig nye kjelder med idear. I Blåklukka har vi også utarbeidd ein idébank blant anna med tilrettelagte kassar med komplett utstyr til å utføre forsøk. Dette gjer at det er lett tilgjengeleg og dermed også oftare blir gjennomført i kvardagen. Vi gler oss til å ha meir gøy med dette, og utvide kunnskapen hjå barn og vaksne.

Hovudtema

For å ha eit felles utgangspunkt har vi eit hovudtema som ligg som ein raud tråd gjennom aktivitetar og det fysiske rom inne og ute i løpet av året.

Det overordna temaet vi arbeider med i løpet av 2018-2028 er:

Trygg i møte med framtida.

«Suksess for barn-studentar i framtida, vil ikkje nødvendigvis vera målt etter prøve- resultat eller mastergrader. Tvert imot så kan dei bli målt etter korleis dei handterer realiteten av verden slik den er når dei skal inn i den.»

Michael Fullan

Blåklukka barnehage jobbar for å gje alle barn eit godt utgangspunkt for å kunne møte og stå i ulike utfordringar i framtida. Vårt arbeid med dette har fokus på å gje barna ulike erfaringar med å skape, vere kreative og innovative, både saman og åleine. Dei vaksne skal støtte barna til å sjølv kunne løyse ulike utfordringar som oppstår i barnehagekvardagen. Vidare må dei vaksne sette grenser og samtidig anerkjenne barna for deira ønsker, for slik å støtte barna til å øve på og stå i det når dei møter motgang. Å få gode erfaringar med å takle utfordringar og handtere motgang er viktig for å ha moglegheiter for å møte framtida på ein god måte. Då må barna kunne definere, løyse utfordringar og improvisera, samstundes som dei må handtere det ukjente, og takle å samarbeide og jobbe i team på tvers av kulturelle, etniske og religiøse forskjellar.

På bakgrunn av dette, valde vi i 2019/2020 å fordjupe oss i SPRÅK. Språk er ein hovudnøkkel til kommunikasjon og samhandling. Eit av verkøya vi brukte i dette arbeidet var SPRÅKLØYPER, som er utvikla av Lesesenteret og Skrivesenteret ved Universitetet i Stavanger. Heile barnehageåret jobba vi med ulike leseaktiviteter for å sette fokus på språkutviklinga til alle barna i barnehagen. Personalet lærte å bruke ulike tilnærmingar gjennom lesing for å auke ordforråd, språkforståinga og få fram lysta til å lese meir. Vi sette også fokus på kvardagssamtalane, å fortelje historiar, rime, tulle og leike med språket for å støtte barna si språklæring og språkutvikling.

I 2020/2021 tok vi eit skritt vidare og arbeidde med SPRÅK OG MUSIKK. Det blei blant anna utarbeidd ein idèbank, der personalet kan hente fram alt dei treng til å dramatisere ein song eller eit eventyr. Dette gjer det lettare for dei vaksne å følgje opp og byggje på barna sine interesser, og dermed utvide leiken og interessa der og då.

I åra 2021 til 2023 og vidare framover, vil vi bruke og bygge på våre erfaringar frå dei siste åra innanfor realfag, språk og musikk. Vi vil rette fokus mot å utvikle våre relasjonar og eit godt inkluderande barnehagemiljø. Vi må synleggjere og setje pris på at vi lever i eit mangfald, og verdsetje det enkelte barnet. Vi må lære å samhandle, tola å sjå andre lukkast, vera glad på andre sine vegne og finne glede i å glede andre, og vidare tolerera og respektera ulike måtar å tenkja, handla og leva på.


«IKKJE ALLTIG ENIG, MEN ALLTID VENNER»

2023 – 2028: Vi såg kjapt i 2023 at dette er eit stort og omfattande tema å bite inn i. Så igjen byggjer vi på praksis. For så å setje fokus på ulik kommunikasjon for å styrke relasjonsbygging og gje barna og vaksne ulike måter å uttrykkje følelsar og tankar i samhandling med andre.

Vår arbeidsmåte er i hovudsak gjennom små og store prosjekt, der vi til dømes tar utgangspunkt i ulike barnesongar på småbarn, eller opplegg som «Sprell i jungelen» på Toppen.

Gjennomføringa er gjennom fagteam (personale på kvar base som spesialiserer seg på sine relaterte tverrfaglege fagområde), som jobbar med ulike aktivitetar og samlingar innanfor prosjektet, over tid.

Våre prosjekt har følgende struktur:



Figur 2.0; Prosjektstruktur i Blåklukka, (utarbeidd av R.N.Sletten)

Gjennom observasjon, samlinger og dialog i samarbeid med barna og foreldre, går vi inn i prosjekt og aktivitetar. Avhengig av modningsnivå hjå barna på avdelinga er nokre aktivitetar initiert av personale - andre av barna.

Gjennom desse aktivitetane og inntrykka lærer barna å bruke teknikkar for å få fram uttrykk som viser deira refleksjon rundt tema, og elles det dei har undra seg på og arbeid vidare med. Slik kan dei påverka sin eigen kvardag, læra seg å reflektera over moglegheiter, ta val, sjå konsekvensar og samanhengar.

Fagteam: Dei siste 12 åra har vi i Blåklokka jobba med eit utviklingsarbeid for å sikre implementering av rammeplanens fagområde i det daglege arbeidet med barna.

Vi har delt det faglege innhaldet i **fem fagteam** der dei ulike prosjekt og tema kjem til uttrykk i samlingar og aktivitetar. Den enkelte i personalet på kvar base spesialiserer seg på sitt fagteam. På denne måten veit vi at alle rammeplanens fagområde er inkludert i tema, prosjekt og aktivitetar. Inkludert i desse finn ein også realfaga. Den enkelte vaksne vil ha periodar med meir og mindre ansvar i løpet av året.

HJERTE, BIBEL OG DRAMA



Hovudmål:

Bibelsamlingar ->

Å formidla eit bodskap om Guds omsorg og nærleik til oss. Me ønskjer at barna skal få kjennskap til kven Gud og Jesus er, og kjernepunkta i Bibelen.

Hjertesamlingar -

> Vi ønskjer at barna skal kunne bli kjent med og uttrykkje egne følelsar. Trygge nok til å sjå eigen verdi. Men også at dei klarer å sjå at dei er ein del av eit fellesskap, der vi skal gleda oss over kvarandre, og støtta kvarandre i kvardagen.

KUNST OG PROSJEKT



Hovudmål:

Gi barna skaparglede og moglegheit til å utforske og meistre på deira nivå.

småbarn-> Bli kjend med dei ulike fargane gjennom leik, utforsking og tilføyning av nye artefaktar.

Toppen -> Bli inspirert, føla meistring og møta utfordringar der vaksne støttar og inspirerer til eit kreativt miljø.

KONSTRUKSJON, FORSKING OG TEKNIKK



Hovudmål:

Skal bidra til at barna får leike og undra seg over korleis ting er sett saman, forska på ulike materiale og bruka tekniske hjelpemiddel til å finna ut av verda rundt seg. Dette skal bidra til at barna får gode erfaringar i deira bruk av fantasi, kreativitet, nysgjerrigheit og skaparglede.

NATUR OG NÆRMILJØ




Hovudmål:

Gjennom aktivitetar og turar skal barna få kjennskap til, erfaring med -og forståelse for naturens kretsløp, naturens årstider og korleis me tar vare på den. Me ønskjer å gi barna varierte motoriske utfordringar i naturterrenget.

- Kjent med uteleikeplassen og nærmiljøet.
- Motoriske utfordringar.
- Utforska naturen.
- Naturglede.

KULTUR OG MEDIA



Hovudmål:

Barna trenger mange forskjellige verktøy for å bearbeida og kommunisera inntrykka sine, å la dei koma til uttrykk gjennom skapande verksemd. Ved bruken av musikk, språk, drama, litteratur og digitale verktøy for å utvide barnas erfaringar og læring, ønskjer vi å bidra til at barna kan forholde seg nysgjerrige og kritiske til det som formidlast i mediebildet.

I følge Rammeplanen skal vi visa korleis vi arbeider med fagområda i høve til alder, og vi må heile tida tenkje at der skal vera utvikling frå år til år:

Etikk, religion og filosofi

Hjerte samlingar:

1-2 år: Kunne identifisere dei mest vanlege kjenslene; redd, glad, sint og overraska – gjennom forteljingar, dramatisering, bøker.

2-4 år: Bli kjende med eigne og andre sine kjensler. Steg for steg, korleis vi er med kvarandre. Bøker, bilete og song.

4-6 år: Vi brukar episodar frå kvardagen og bøker og reflekterer rundt desse. Korleis gje uttrykk for ulike kjensler. Bøker, drama, song



Bibel forteljingar:

1-2 år: Presentere enkle forteljingar frå GT/NT. Barna vert kjende med Bibelen og Gud/Jesus gjennom figurer, flanellograf, songar, drama, bøker.

2-4 år: Bli kjende med Gud og Bibelen. Forteljingar frå GT/NT, formidla gjennom bøker, flanellograf, vandringar/drama, teikning/måling, song og musikk.

4-6 år: I bibelsamling markerer vi merkedagar. Om hausten er det til dømes Mikkelmesse/hausttakkefest, FN-dagen, og liknande. Etter jul er det Jesus og Jesu liv samlingane handlar om. Vi brukar drama, vandringar, flanellograf, songar.

Natur og nærmiljø:

Nærmiljø og samfunn, Natur, miljø og teknikk, Kropp, rørsle, helse

1-2 år: Bli kjende i barnehagens nærmiljø. Grovmotorisk trening. Oppløvinga av å ete og lage mat ute. Bevisst endringar i naturen gjennom dei ulike årstidene.

2-4 år: Å bli kjende i nærmiljøet. Årstid i fokus: samling, utforskning, mat dyr og lydar, fargar, motorikk.

2-6 år: På turar i nærmiljøet vil vi få kjennskap til, erfaring med, og forståelse for naturens kretsløp, ulike årstider og miljøvern. Fokus på respekt for alt som lever i naturen.



Konstruksjon, forskning og teknikk:

Antall, rom og form. Natur, miljø og teknikk.

1-2 år: Få erfaringar med konstruksjon og teknikk, samt få eksperimentere med sansane Bli kjent med og undre seg over vatn/is, matlaging. Matematikk i alt vi gjer.

2-4 år: Ta i bruk kjøkkenet og naturen til å eksperimentera og forska på/i. Bli kjent med ulike måleverktøy. Ta utgangspunkt i kriteri, men sjå det i forhold til barnets nivå. Bevisstgjer av matematikk aktivitetar.

4-6 år: Bli kjent med ulike måleverktøy og kva det kan brukast til. Bruka ulike teknikkar under dei ulike temaene. Sjå på konstruksjon i bakverk, bygningar, i naturen osv. Bevisstgjer av matematikk i alt vi gjer.



Kunst og prosjekt:
Kunst, kultur og kreativitet:

1-2 år: Skapa god atmosfære, god tid, til å leike og bli kjend med ulikt to og Tredimensjonalt material til forming som ikkje stiller krav til nøyaktighet. Legga opp Til aktivitetar der barna får brukt heile kroppen og mange sansar. Samt spanande Materiell som inspirerer til utprøving. Prøva ut enkle teknikkar og reiskapar.



2-4 år: Innføra meir tredimensjonalt materiale, og ta i bruk meir materiell som gjev høve Til meir detaljerte oppgåver. (For dei barna som begynner å uttrykkja seg figurativt og Er opptatt av detaljar).

Barna har fridom til å gjera sine egne val til aktivitet og utforming. Tida på atelieret Vekslar mellom dette og læring av nye teknikkar og kjennskap til nytt materiell.

4-6 år: Fabulera rundt aktivitetar vi heldt på med, rosa og oppfordra barnet til å prøva Ut nye ting. Slik at dei ikkje stiller for høge krav til seg sjølv. Øva på å sjå detaljar, form og Fargar. Viktig å kunna halda penselen/blyanten rett. Nytt materiell som gjer det Freistande å prøva. Vi bruker bøker og media for å innhente fakta barnet treng når det Arbeider. Øve på kontroll av saks.

Kultur og media,
Kommunikasjon, språk og tekst:

1-2 år: Få kjennskap til ulike digitale verktøy, og kva dei kan brukast til. Få kjennskap til Ulike musikalske inntrykk og uttrykk ved hjelp av instrument og andre hjelpemiddel. Utforske språket gjennom leik, språktrening, eventyr/forteljingar og ulike medier.



2-6 år: Vi bruker musikk, litteratur og digitale verktøy som ei kjelde til leik, Kommunikasjon og innhenting av kunnskap. Vi vil at dei skal ta i bruk sin kreativitet, Nysgjerrighet og lysta på å lære meir. Sist, men ikkje minst å mestre det å måtte vente På tur, hjelpe og dele med kvarandre.

Illustrasjon av kobling mellom filosofi, fagområder, fagteam og aktivitetar:

<p>Basiskompetanse: Dei 6 c-ane;</p>	<p>Barnehagens fagteam: Rammeplanens fagområde:</p>	<p>Barnehagens samlingar prosjekt og aktivitetar: meningsfulle opplevsar</p>
<p>COMMUNICATION/ KOMMUNIKASJON Uttrykke kjensler, tankar, meiningar, skape relasjonar</p>	<p>Kommunikasjon, språk og tekst</p> 	<p>Småbarn: språksamling, begrepskasse. Store barn: Språksprell og førskule. Mangfald Bøker, lesing, lesing, lesing</p>
<p>CRITICAL THINKING/KRITISK TENKING, OPPDAGE, UNDRE SEG, REFLEKTERE, FINNE MØNSTER, SAMANHENGAR</p>	<p>Antall, rom og form Natur, miljø og teknikk</p> 	<p>Konstruksjon, teknikk og forskning, spel, frå jord til bord; planting-mat</p>
<p>CITIZENSHIP/ MEDBORGERSKAP/ KULTUR, identitet</p>	<p>Natur, miljø og teknikk, Nørmiljø og samfunn, Kropp, rørsl, mat og helse</p> 	<p>Naturfag, turar, bruk og bli kjent i ulikt terreng og i nærmiljøet. Prosjekt; matsvinn, miljøsekken, parsellhagen Sangleiker og hoppetau Eg er unik, slik fungerer kroppen min! Her kjem eg i frå.. Mangfald</p>
<p>CREATIVITY/ KREATIVITET FANTASI</p>	<p>Kunst, kultur og kreativitet</p> 	<p>Vi veksler mellom å bruke atelier og avdeling, og å vera inne/ute, for å skape rom for inntrykk og uttrykk.</p>
<p>COOPERATION/SAMARBEID CHARACTER/DANNING LEIK/UTDANNING</p>	<p>Etikk, religion og filosofi Nærmiljø og samfunn Sosialkompetanse</p> 	<p>Hjerte og bibelsamlingar. Leik, latter, følelsar Dei største hjelper dei minste RP, s. 20,21, fremje leik, Støtte identitetsutvikling EG ER EIN DEL AV NOKO STØRRE Barn hjelper barn Mot, improvisasjon, raushet</p>

Kvar base og gruppe har eigne fagplanar over innhald i kvardagen, samlingar og aktivitetar. Ønsker du meir detaljert informasjon, spør på di gruppe. Elles kjem det informasjon på foreldremøtet om hausten og kvar månad i månadsbrevet.

Vurdering:

Kontinuerleg vurderer personalet arbeidet, relasjonane og det fysiske rom. Dette gjer vi gjennom observasjonar, dialog med barn, foreldre og personale. På denne måten prøver vi å ta tak i ting etter kvart og endre praksis til det beste for barna. Kvar avdeling vel område dei har særskild fokus på gjennom året. Desse fokusområda er vald ut etter observasjonar gjort åra før. Kvar kan vi forbetre og utvikle oss?

Følgjande mål er sett for barnehageåret:

Den som gjer vurderinga:	Kva vi vurderer:	Type vurdering:	Gjennomføring, tidsperspektiv:
Myrull	1. Fagleg vurdering, fokus på minst 3 samlingstypar, aktivitetar. 2. Annakvar månad observasjon av kvardagsaktivitetar og leik (ute/inne). 3. Ser og på korleis barna leikar/samhandlar med kvarandre.	1. Observasjon av samlingar, samtale på avdelingsmøte, progresjonsrapport samla av pedagog. 2. Praksisforteljingar gjort av heile personalet. 3. Alle med skjema, fylles ut kvart halvår, personale og foreldre bidrar.	1. Oppsummering levert til styrar/vurderingspermen den 15. i kvar månad. Styrar gjer tilbakemelding, oppmuntrar og gjer råd. 2. Praksisforteljingane vert gjort gjennom heile året. Justeringar av praksis blir gjort etter kvart som der er behov. 3. Oppsummering vert sendt styrar innan utgangen av april.
Røsslyng, Toving	Aktivitetar. - Tilvenning - Rutinar - Fagteam - Møter - HMS - Ute/Innetid - Voksen rolla - Årstema	- Observasjonar. - Drøfting på avdelingsmøtet i slutten av månaden. - Alle har ansvar for å vurdere sine aktivitetar - Alle med skjema kvart halvår før foreldresamtalar.	- Vurderingsskjema blir fylt ut i fellesskap ein gang for månaden. - Dokumentere eventuelle endringar av praksis. - Oppsummering levert jamleg til styrar. - Styrar gjer tilbakemelding, oppmuntrar og gjer råd.
og Knott	- Fagleg vurdering. - Rutine situasjonar. - Barn og vaksne i leik. Kva får vi til, kva må jobbast meir med?	- Observasjon av samlingar, tilbakemeldingar frå andre på avdelingsmøta. Sjå eigen plan over desse møta. Kvardagserfaringar. - Munnlege praksisforteljingar.	Praksisforteljingane vert gjort gjennom heile året. Justeringar av praksis blir gjort etter kvart som praksis som vi ønskjer endra blir oppdaga.

<p>Toppen</p>	<p>Vurdering:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Fagleg vurdering - Rutine/rom: <ul style="list-style-type: none"> • Påkledning • Måltider • Romfordeling - Barn og vaksne i leik. Kva får vi til, kva må jobbast meir med? 	<ul style="list-style-type: none"> - Observasjonar av samlingar. - Fulle ut vurderingsskjema av dei ulike punkta på siste avdelingsmøte kvar måned. - Observasjonar av barn og vaksne i leik. 	<ul style="list-style-type: none"> - Oppsummering levert til styrar innan den 15. i kvar måned. Styrar gjer tilbakemelding, oppmuntrar og gjer råd. - Justeringar av praksis blir gjort etter kvart som det er nødvendig. - Halvårsvurdering i desember/januar og i mai.
<p>Foreldre</p>	<p>Få tilbakemelding frå foreldre om barnas trivsel, barnehagens innhald, organisering av barnehagen.</p> <p>Utvexle informasjon med foreldre om enkeltbarnas trivsel og utvikling.</p>	<p>Dagleg dialog.</p> <p>Foreldrevurderings skjema.</p> <p>Foreldrekonferansar.</p>	<p>Gjennomført rundt vårens foreldremøte. Utdelt til dei som er på møtet. HMS ansvarleg går gjennom resultatata, skriv rapport, vi gjennomfører endringar av praksis om aktuelt.</p> <p>Foreldrekonferansar er utført to gangar for året. Fleire samtaler blir gjennomført om det er ønske om dette.</p>
<p>Personalet som heilhet</p>	<p>Få tilbakemelding/utveksle meiningar om organisering, fagleg innhald, leiing av barnehagen.</p>	<p>Generell vurdering av barnehagen.</p>	<p>Gjennomført av personalet og leiinga i løpet av april/mai. Vi gjennomfører endringar av praksis om aktuelt.</p>

Tradisjonar og kultur i Blåklokka Barnehage:

Bursdagsfeiring:

Bursdagsbarnet blir satt ekstra i fokus denne dagen. Det er ulike variasjonar frå base til base. Innhaldet kan vera bursdagssamling, krone, kappe, bursdagsong og val av gåve frå bursdagsbomma. Det heile blir dokumentert og sett i permen eller hengt opp på avdelinga. Denne dagen kosar me oss med noko ekstra til fruktmåltidet.

«Barn hjelper barn» aksjon:

Oktober månad er sett av til barn hjelper barn aksjonen. I denne tida blir temasamlingar og prosjektaktivitetar brukt til å utvikla forståing for ulike tradisjonar og levesett, samt viktighetene av menneskerettane og barnekonvensjonen. Dette temaet ender i ein innsamlingsaksjon med foreldrekafe og loddsal rundt FN-dagen som er den 24. oktober kvart år.

Nærmiljøkafe:

Vi meiner det er viktig at barnehagen blir ein møteplass i kvardagen. Mange av våre familiar som er tilknytt barnehagen er nyleg flytta til nærmiljøet, då er det viktig for dei å bli kjent med andre familiar og folk frå området. Ca. ein gong kvart halvår ønsker vi å inviterer vi til kafe i barnehagen, der vi lagar tradisjonsrik mat. Dette skal vera ein stad der folk kjem, et eit godt måltid til ein rimeleg penge, pratar med andre, og går når dei treng det. Kvardagen er travel☺ .

Feiringar og markeringar i barnehagen:

I barnehagen markerer vi ulike merkedagar, nasjonaldagar og høgtider gjennom året. Blant anna markerer vi **Samens dag** i februar, der vi gjennom temaarbeid set fokus på samisk kultur, tradisjon, mat og språk. I mars/ april jobbar vi med **påskehøgtida**. Vi på ulike måtar jobbar med påskehistoria og har påskevandring saman med barna, vi lagar påskepynt og inviterer foreldre og søsken til påskefrukost.

I mai har vi **17.mai feiring** i barnehagen, som oftast skjer dette 16.mai. Vi øver på å gå i tog, og marsjerer til Kiwi'en. Tilbake i barnehagen har vi konkurransar og barneleiker.

Blåklokka barnehage har eiga fane som skal vere med i toget 17.mai. Toget startar frå Vestbygd Skule, og barn og foreldre kan komme inn i toget langs vegen. Ein kan då gå ein inn bak fana til barnehagen. Blåklokka Barnehage går

rett bak musikklaget, før første klasse. Førskulebarna bærer snorene til fana. Foreldrerepresentantane er ansvarlege for å hente fana i barnehagen og ta den med tilbake.

I november/ desember jobbar vi med **julehøgtida**, der vi jobbar med juleevangeliet på ulike måtar. Vi har nissefest, markering av Luciadagen, bakar og lagar julepynt.

Dette er berre noko av det vi markerer i løpet av barnehageåret. Elles er de foreldre er også velkomne til å kome med innspel til aktuelle markeringar gjennom barnehageåret.

Overgang barnehage – skule:

Førskulebarna på Toppen vil være saman kvar dag. Fagteam og aktivitetar vil bli lagt til rette for at dei skal få øve seg på å bli meir sjølvstendige, ha omsorg for kvarandre, og få kjennskap og erfaringar med begrep, tal og bokstavar etter interesse og forutsetningar. Ut på våren samarbeider vi om overgangsaktivitetar og fadderprogram med skulane der barna skal begynne i 1.klasse. Det kan vere «bli kjent dag» i barnehagen og/ eller på skulen der førskulebarna får helse på elevar, gjerne fadderklassen. Eller det kan vere andre typar besøk på skulen/ SFO. Døme på samarbeidet med Vestbygd skule: Alle førskulebarna som skal starte i 1.klasse (også dei som går i andre barnehagar) har ein «bli kjent dag» i Blåklokka saman med 3. klasse. Nokre veker seinare har vi ny samling på skulen der 3.klasse arrangerer «bli kjent dag».

Interne overgangar:

I løpet av heile året samarbeider gruppene på tvers av huset. Særskild på morgon og ettermiddag er barna saman på tvers av alder. Dette gjer at barna kjenner dei vaksne som arbeider med dei andre aldersgruppene. Vi deler også på romma våre, når ei gruppe er på tur, så kan ei anna gruppe leike i deira rom og få utforska deira leikar. Slik blir barna kjent på tvers av huset gradvis. Om våren legg vi også opp til besøk og leik på den avdelinga barna skal flytte til. For å trygge overgangen ekstra, føl det med ein vaksen frå den «gamle» avdelinga når hausten begynner.

Inkluderande barnehagemiljø:

I Blåklokka skal alle barna oppleve å få være i positivt samspel med andre barn og vaksne, samt å vere meiningsfulle for fellesskapet. Vi skal hjelpe barna slik at dei får leike med andre, oppleve vennskap og lære seg korleis vi skal behalde

venner. Saman med barna skal vi lage trivselsreglar for gruppa vår. Vi skal hjelpe barna å øve seg på å løyse konflikhtar, sette eigne grenser og respektere andre sine grenser. Vi skal førebyggje, stoppe og følgje opp utestenging, mobbing og uheldige samspelsmønstre, samstundes som vi skal oppfordre barna til å hjelpe kvarandre, trøyste kvarandre og samarbeide.

Vi skal rett og slett lære oss å fungere saman som ei gruppe, der alle er like viktige! Dette vil vi ha fokus på i kvardagen og i våre bibel- og hjartesamlingar. For at dette skal kunne gjennomførast treng vi spele på lag med dykk foreldre, og foreldre treng å spele på lag med kvarandre. Eit godt utgangspunkt vil være å ta tema opp på foreldremøtet og lage felles retningslinjer.

Barnehagen har rutine for kvar veke å ta pulsen på miljøet i gruppene i barnehagen. Eventuelle utfordringar blir tatt tak i der det skjer, eller løfta opp til neste nivå. Vi har heile tida høve til å spørje om fagleg støtte frå kommunen sitt team. (I samsvar med *Rammeplanen 2017; kap.8 §41, §42, §43 i barnehageloven*).

ICDP/COS:

Blåklokka er sertifisert i foreldrerettleiings programmet *ICDP*. Dette er eit program for foreldrerettleiing, og er eit tilbod for alle foreldre som har barn i alderen 0-18 år. Her møtast vi over 8 kveldar for å utveksla erfaringar rundt tema om godt samspel mellom vaksne og barn. Om vi ikkje er mange nok til å starte ei gruppe i Blåklokka, er der moglegheit til å ta del i grupper i regi av Alver kommune. Ta kontakt med barnehagen om dette kan vera av interesse for deg. Alver kommune har også tilbod om COS – kurs, som også er eit foreldrerettleiingsprogram, samt at dei har tilbod til personalet i barnehagane i kommunen.

Praksisbarnehage med mange studentar:

Vi er så heldig at vi er ein praksisbarnehage, det vil sei at i løpet av barnehageåret vil det komme innom elevar og studentar frå både ungdomskulane i kommunen, frå Vidaregåande skular i Vestland og frå NLA høgskolen i Bergen. Vi finn det lærerikt å få inn studentar som kan sjå på vår barnehagepraksis med nye auge. Dei lærer av oss, og vi lærer av dei. Vi må heile tida vera klar for å svara på spørsmål om kvifor vi gjer det vi gjer. Vi synest også det er viktig å gje den neste generasjonen moglegheit til å få praksis dei kan ta med seg inn i framtida.

LU-barnehage:

I 2019 gjekk vi inn i eit pilotprosjekt med NLA om å være LU-barnehage; lærarutdanningsbarnehage. Dette er eit prosjekt for å styrke kvaliteten i barnehagelærerutdanningane nasjonalt. Kunnskapsdepartementet har kome med føringar om at lærarutdanningsinstitusjonane skal etablere ein meir gjensidig samarbeidsstruktur med praksisfeltet. NLA har blant anna valt å gjera dette ved å inngå eit prosjekt med Blåklokka, der vi jobbar saman for:

- felles utdanningsansvar,
- forskning- og utviklingsarbeid i samarbeid med NLA høgskulen,
- pedagogisk rettleiing; vidareutdanning for pedagogane.

Blåklokka har dei siste åra vore med å forska på;

- «hemmelig skrift» avdeling Sol og Reidun frå norskseksjonen.
- Nye måtar å utarbeide praksisoppgåver for barnehagelærer studenter.
- NLA har tatt med seg undervisninga til Blåklokka, og hatt dags seminar der.
- Mentor frå praksis inn i barnehagelærer utdanninga.
- Musikk og språkutvikling. Saman med Myrull og Lill-Krestin frå NLA
- «Grøne tema» saman med avdeling Sol og Sigve frå naturfagseksjonen.

Vi ser fram til fleire interessante år med gjensidig læring saman med NLA.